

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo
tlf. 45 73 70 45
e-post: post@sprakradet.no

MØTEPROTOKOLL FOR KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER ETTER LOV 18. MAI 1990 NR. 11 OM STADNAMN, § 12

Klagesak 12/2023

Klagar: Eigarar, jf. § 12 første ledd

Namn: *Rødland* eller *Rolland* – saka gjeld avslag på søknad om å opne saka på ny

Namnetype: Gardsnamn og avleidd naturnamn

Det påklaga vedtaket gjort av: Kartverket, jf. § 7 tredje ledd

Leiar i klagenemnda: Marit Halvorsen

Øvrige medlemmer: Eldar Heide, Gunnar Andenes, Astrid Fuglås

Kort saksframstilling

Kartverket gjorde i 2018 vedtak om skrivemåten *Rødland* for eit gardsnamn i Osterøy kommune, og *Rødlandsfjellet* for et avleidd naturnamn. Innbyggjarane på garden sende 22. november 2022 søknad om å endre namnet til *Rolland*, og kommunen sende 27. mars 2023 søknad til Kartverket om å opne saka på ny. Kartverket av slo søknaden, og gav som grunn at det ikkje har kome fram ny informasjon som kunne ha gitt eit anna utfall i saka enn då den blei behandla i 2018. Avslaget er nå påklaga til klagenemnda.

Nemndas vurderingar

Nemnda kan ikkje sjå at det har kome nye opplysningar i saka. Det framgår av brevet frå Kartverket (03. mai 2023) at skrivemåten *Rødland* ligg nær uttalen av namnet, og at den har lang tradisjon i skrift. Nemnda er òg einig i Kartverket si vurdering av at argumenta frå klagar om at skrivemåten *Rødland* gir problem i adressering og ved bruk av pc-ar og skrivarar, ikkje er relevante.

Nemnda gjorde slikt samrøystes

VEDTAK:

Klagen blir avvist. Det har ikkje kome fram nye opplysningar som gir grunnlag for å opne saka på ny.

Oslo, 25. august 2023



Marit Halvorsen

leiar i klagenemnda



Line Lysaker Heinesen
sekretær